
Planprogram

Johan Sverdrup (JoSEPP)

Oljerørledning, Bergsvikhamn til Mongstad

OPPDRA

Johan Sverdrup. Oljerørledning
Bergsvikhamn til Mongstad,
detaljreguleringsplan

Planid:


Lindås kommune: 1263-201405

Austrheim kommune: 1264-2014002

EMNE

Planprogram

Sist datert 26.11.2014



RAPPORT

OPPDRAAG	Oljerørledning frå Bergsvikshanm til Mongstad	DOKUMENT KODE		
EMNE	Planprogram	TILGJENGE	Offentleg	
OPPDRAAGSGIVER	Statoil Petroleum as	ANSVARLIG ENHEIT Arealplan og utredning		
KONTAKTPERSON	Knut Robberstad og Hallvard Grodås			

SAMANDRAG

Statoil skal på vegne av partar i Johan Sverdrup lisensane planlegge, utgreie, etablere og søke om eksportløyningar for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet. Frå feltet er det planlagd ein oljeeksportørledning til mottaksterminalen på Mongstad.

Eksportløyningane skal konsekvensutgreiast i høve til Petroleumslova. Oljeeksportløyninga mot Mongstad som delvis går over land skal og handsamast etter Plan- og bygningslovens (PBL) føresetnader.

Det må derfor utarbeidast reguleringsplan før ein kan setje i gong det fysiske arbeidet. Reguleringsplanen skal gje føresegnar for gjennomføring av tiltaket og kva restriksjonar som vil gjelde. Dette planprogrammet skal gje rammene for plan- og konsekvensutgreiingsarbeidet som skal gjennomførast før reguleringsplanen kan leggjast fram til politisk handsaming. Planprogrammet skal vidare gjere greie for formålet med planarbeidet, tiltaket, planprosessen med fristar, opplegget for medverknad, kva for alternativ som vil bli vurdert og kva tilhøve og tema som skal inngå i konsekvensutgreiinga.

REV.	REV. DATO	OMTALELSE	UTARBEIDD AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV
B	26.11.2014	Som ved godkjenning av planprogram	BSt	TA	
A	03.09.2014	Som ved utlegging til offentlig høyring	BSt	TA	HG

INNHALD


1	Innleiing.....	5
1.1	Bakgrunn for prosjektet.....	5
1.2	Formål med planprogrammet.....	6
1.3	Kort omtale av tiltaket.....	6
1.4	Informasjon.....	6
1.5	Lokalisering og avgrensing av planområdet.....	7
2	Bakgrunn for og skildring av tiltaket	8
2.1	Skildring av trase.....	8
2.2	Teknisk omtale.....	9
2.3	Synlige installasjoner	10
2.4	Anleggsarbeid, transport og vedlikehold	10
3	Planstatus.....	11
3.1	Kommune- og kommunedelplanar	11
3.2	Reguleringsplanar	11
3.3	Oppsummering av planstatus	12
4	Lovgrunnlag og sakshandsaming.....	13
4.1	Krav i lovverket	13
4.2	Proessen.....	13
4.3	Informasjon og medverknad.....	14
4.4	Framdrift.....	15
4.5	Kontaktinformasjon	15
5	Forslag til utgreiingsprogram	16
5.1	Omtale av utbyggingsløyning	16
5.2	Omtale av dagens situasjon	16
5.3	Omtale av miljømessige konsekvensar og avbøtande tiltak	16
5.3.1	Konsekvensar for naturmiljø og sårbare naturførekomstar og biologisk mangfald.....	16
5.3.2	Konsekvensar for kulturminne.....	17
5.3.3	Konsekvensar for friluftsliv	17
5.3.4	Landskapsmessige konsekvensar.....	17
5.3.5	Utslepp til luft	17
5.3.6	Utslepp til sjø	17
5.3.7	Utslepp til vatn (over land)	17
5.3.8	Uhellutslepp på land.....	18
5.3.9	Omtale av støykjelder	18
5.3.10	Handsaming av overskotsmassar.....	18
5.3.11	Avfall	18
5.4	Næringsmessige og samfunnmessige konsekvensar.....	18
5.4.1	Konsekvensar for landbruket	19
5.4.2	Konsekvensar for fiskerier og akvakultur	19
5.4.3	Konsekvensar i forhold til annan arealbruk og infrastruktur på land.....	19
5.4.4	Andre samfunnmessige verknader	20
5.5	ROS analyse	20
5.6	Oppfølging	20
6	Referansar	21

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for prosjektet.

Johan Sverdrup feltet er lokalisert om lag 150 km vest for Karmøy. Samla er det antatt at dei petroleumsreservane på Johan Sverdrup feltet som kan takast ut, svarar til mellom 1,8 og 2,9 milliardar fat oljeekvivalentar. Feltet kan forventast å starte med produksjon i 2019 og har ei forventa levetid på 50 år.

Statoil skal på vegne av partar i Johan Sverdrup lisensane planlegge, utgreie, etablere og søke om eksportløyisingar for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet. Frå feltet er det planlagd ein oljeeksportrørledning til mottaksterminalen på Mongstad og ein gasseksportløyising som skal koplatt på Statpipe som går til Kårstø. Begge eksportløyisingane blir konsekvensutgreidd i høve til Petroleumslova. Oljeeksportløyisinga mot Mongstad, som delvis går over land, skal også handsamast etter Plan- og bygningslovens føresetnader.



Figur 1 Utsira høgdga og eksisterande leidningar inn mot norskekysten

Det vert laga separate planprogram som endar opp i ei felles konsekvensutgreiing (KU). Arbeida med delutgreiingar er allereie starta opp, og vil bli supplert med eventuelle nye tema frå dette planprogrammet.

Det må utarbeidast ein detaljreguleringsplan før ein kan setje i gong fysiske arbeide. Reguleringsplanen skal gje føresegner for gjennomføring av tiltaket og kva restriksjonar som vil gjelde. Planprogrammet, skal gje rammene for plan- og konsekvensutgreiingsarbeidet som skal

gjennomførast før reguleringsplanen kan leggest fram for politisk handsaming. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, tiltaket, planprosessen med fristar, opplegget for medverknad, kva for alternativ som vil bli vurdert og kva tilhøve og tema som skal inngå i konsekvensutgreiinga.

1.2 Formål med planprogrammet

Formålet med planprogrammet er mellom anna å gjera omgjevnadene kjend med prosjektet tidleg i planprosessen og leggje til rette for medverknad i planarbeidet. Prosjektet er alt gjort kjend gjennom forslag til utgreiingsprogram, som vart meldt oppstart på i 2012.

Statoil seier i utgreiingsprogrammet:

«For å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, vil det for de strekninger der rørleidninger krysser over land være nødvendig å utarbeide reguleringsplaner i hht lovens bestemmelser. Konsekvensutredningen skal dekke også utredningsplikten knytt til reguleringsplanene.»

Statoil si melding inneheld ein omtale av:

- Bakgrunn for utbyggingsplanane
- Utbyggingsplanane
- Interesser som kan bli råka
- Forslag til planprogram

1.3 Kort omtale av tiltaket

Feltet Johan Sverdrup ligg ca. 270 km frå landtaket i Austrheim kommune. Det skal leggest eit oljerør frå Johan Sverdrup til Mongstad, jfr. figur 1. Heile oljerørleidninga er om lag 280 kilometer lang. Om lag 270 km ligg i sjø, 5 km i grøft på land og 5 km i tunell under øyer og sund.

Dette planprogrammet gjeld berre den delen av anlegget som går over land frå Bergsvikhamn i Austrheim kommune til Mongstad i Lindås kommune (om lag 10 km).

Igangsetting av produksjon på feltet er planlagt til 2019.

1.4 Informasjon

Dersom nokon ynskjer meir informasjon om planane, eller har informasjon som kan vere nyttig for prosjektet, ta gjerne kontakt med Statoil Petroleum AS ved Hallvard Grodås eller Knut Robberstad.

Informasjon om prosjektet finn ein og på Statoil si heimeside.


1.5 Lokalisering og avgrensning av planområdet



Figur 2 Lokalisering av planområdet

Kjelde grunnkart: Google maps

Planområdet ligg nord for Bergen, og sør for Sognefjorden, i nordre delen av kommunane Austrheim og Lindås.



Figur 3 Forslag til avgrensning av planområdet

Frå senter i planlagt oljerør har planområdet følgjene avstandar til kvar side:

Tiltak	Ca. avstand (meter)
Landtak	100
Tunellpåslag	200
Tunell	100

2 Bakgrunn for og skildring av tiltaket

Oljeeksportørledning fra Johan Sverdrup-feltet i Nordsjøen skal føre råolje til Mongstad.

Traseen i sjø følger ein korridor sør for Fedje og inn Fedjeosen og vidare inn mot Hoplandssjøen med landtak i Bergsvikhamn på sørvest sida av Fosnøyna i Austrheim kommune.

Planområdet omfattar rørtraseen over land, midlertidige rigg- og deponiområde og midlertidige anleggsvegar.


2.1 Skildring av trase

Traseen frå landtak i Bergsvikhamn til industriområdet på Mongstad er vist i figuren under.

lilandføringsområdet i Bergsvikhamn ligg om lag 500 m vest for Hopland bygdesamfunn.

Traseen frå Bergsvikhamn kryssar fleire øyer og fjordar fram til fastlandet på Mongstad. Desse er Fosnøyna, Njøta inkludert Kalven, Bakkøyna og Keila. Kryssingar av øyer og fjordar skjer ved undersjøisk tunell frå Førlandsvatnet nær Austrheimvegen på Fosnøyna fram til Mongstadvegen på Mongstad. Total lengd på tunell er om lag 5 km.

I hovudsak går traseen i område som i kommuneplanen er sett av til landbruks- natur og friluftsliv (LNF område).




Figur 4 Oversiktskart som viser den landbaserte del av rørtraseen frå Bergsvikhamn til Mongstad


2.2 Teknisk omtale

Rørledningane vil bli konstruert for ei levetid på 50 år. Diameter på røyret er ca. 1 meter.

Over land vil rørledningen bli lagt i ei grøft frå Bergsvikhamn og fram mot Førlandsvatnet og vidare i tunell fram til Mongstadvegen /Kaland. Tunnel tverrsnitt vil være rundt 30 - 40 m². På det siste stykket frå Kaland og fram til Raffinerivegen vil rørledningen igjen bli lagt i grøft. Naudsynt korridor for anleggsarbeidet vil bli om lag 30 meter. Etter at anlegget er ferdig vil røyret bli dekket til og anleggsvegar fjerna. Terrenget skal då reetablerast så lagt råd er. Langs det ferdige anlegget vil det bli klausulert eit areal på kvar side av røyret kor det vil verte restriksjonar på framtidig bruk.




Figur 5 Bredde av rørtrase og tilkomstveg, ca. 30 meter.



Figur 6 Tverrsnitt undersjøisk tunell. Høgde og bredde ca. 6 meter

Figuren under viser eit prinsipp for korleis ein undersjøisk tunell gjennom delar av Austrheim kommune kan byggast.



Figur 7 Plan og profil for undersjøisk tunell (prinsipp-teikning)

2.3 Synlige installasjonar

Nokre permanente strukturar vil verte synlege etter at installasjon av røyrleidningar og tilbakeføring av terreng er ferdig. Dette gjeld ved landfall i Bergsvikhamn, ved Førlandsvatnet kor den om lag 5 km lange tunnelen mot Mongstad startar og ved Mongstadvegen der den andre tunnelmunningen kjem.

Andre mindre installasjonar langs traseen kan og bli etablert.

2.4 Anleggsarbeid, transport og vedlikehald

Tunnelen vert bygd ut med bruk av tradisjonelt utstyr, og ein vil drive frå begge sider av tunnelen. Boring skjer ved hjelp av ein elektrisk drevet tunnel rigg. Gravemaskiner og hjullastarar vert brukt til gravearbeide, og stein transporterast ut med lastebiler. Planlagd ventilasjon vert gjennomført i lengderetninga med vifter i kvar opning. Tunnelen skal tømast for vatn med et pumpesystem.

Det er forventa nokre svake soner i den undersjøiske tunnelen. Det må difor takast nokre forholdsregler for å oppdage svakheiter i berg og eventuelle vasslekkasjar.

All massetransport ut frå tunnelen vil gå på spesialbygde anleggsvegar fram til definerte lager/deponiområde. Nokre stader må anlegget krysse offentleg veg. Det vil då bli laga spesialordningar.

Offentleg veg er planlagt brukt for røyrtransport til begge tunellopningar og til anlegget over Fosnøyna. Offentlege vegar vil og bli nytta til transport av om lag 8000 m³ av grus som skal nyttast til tilbakefylling i rørgata.

Fleire lokale vegar vil og bli brukt. Desse vil bli restaurert i samarbeid med eigar etter at anlegget er ferdig.

Fleire riggområder og lagringsområder er naudsynt for installasjon av den landbaserte oljerøyrleidningen. Detaljer knytt til desse områda vert vist i reguleringsplanen.

3 Planstatus

Det planlagde tiltaket er ikkje i samsvar med arealbruken i gjeldane kommuneplan (arealdelen) for Austrheim kommune og Lindås kommune. Oljeleidningen kjem og i konflikt med kommunedelplanar og vedtekne reguleringsplanar både i Austrheim og Lindås kommunar.

Under har vi lista opp dei planer som vert råka av tiltaket:

3.1 Kommune- og kommunedelplanar

Plan-ID: 2006004
Type: Kommuneplan for Austrheim
Periode: 2006-2017
Vedtatt: 27.06.2007

Plan ID: 2008003
Type: Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes (Austrheim)
Periode: 2009-2017
Vedtatt: 30.06.2010

Plan ID: 1263-200815
Type: Kommuneplan for Lindås
Periode: 2011-2023
Vedtatt: 22.09.2011

Plan ID: 1263-200905
Type: Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad
Periode:
Vedtatt: 16.09.2010

3.2 Reguleringsplanar


Plan ID: 2009003
Type: Reguleringsplan for Mongstadkrysset, vestre del
Vedtatt: 11.02.2009

Plan ID: 2013004
Type: Reg. plan for Mongstad, Statoil industriområde i Austrheim og Lindås kommunar
Vedtatt: 26.02.2014 i Austrheim/under handsaming i Lindås kommune

3.3 Oppsummering av planstatus

Figuren under viser traseen saman med kommuneplanane og kommunedelplanane. Det meste av traseen er i områder som er avsett til landbruk,-natur og friluftsområder(LNF).

Heil raud strek synar trase for rør i grøft og stipla raud strek er trasé for rør i tunell. Grøn stipla strek visar område som ein i dag trur vil verte råka i ein anleggspride.



Figur 8 Trasé for rør vist i høve til kommuneplan for Austrheim og Lindås kommune

4 Lovgrunnlag og sakshandsaming

4.1 Krav i lovverket

For dei strekk der røyrleidningen kryssar over land skal det utarbeidast ein reguleringsplan (jf. PBL § 12-1, 3 ledd).

Planen vil omfatte sjølve traseen, riggområde, tilførselsvegar og deponi. Det er kommunane som er planmynde for reguleringsplanen. Den må fremjast, sakshandsamast og verte vedteken i Austrheim og Lindås kommunar.

For reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn skal det som ledd i varsling av start av planarbeid utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jf PBL § 4-1. Vidare skal planomtalen gje ei særskild vurdering – konsekvensutgreiing- av planen sine verknader for miljø og samfunn, jfr. PBL. §4-2. Innhaldet og kompleksiteten i reguleringsplanen tilseier at det må utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing (KU) for reguleringsplanen.

Formålet med ei konsekvensutgreiing (KU) er å få klarlagt verknaden av tiltak som kan ha vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn, jf. Plan- og bygningslovens kapittel 14.

I samsvar med Plan og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar (Vedlegg I, pkt 36) er *«rørleidningar for transport av olje, gass eller kjemikalier med en diameter på meir enn 800 mm og en lengde på mer enn 40 km»* konsekvensutgreiingspliktige. Konsekvensutgreiinga skal skje etter føresegnene i Plan- og bygningslova, og Olje- og energidepartementet er ansvarlig mynde.

Plan- og bygningslova sin arealdel omfattar alle tiltak som påverkar arealbruken. Eit vedtak etter petroleumslova gjev ikkje automatisk løyve til endra arealbruk etter Plan og bygningslova. Tiltaket må derfor også handsamast etter Plan- og bygningslovens føresetnader.

Røyrleidningar i sjø for transport av petroleum krev ikkje handsaming etter Plan og bygningslova, jamfør §3-1. Den del av konsekvensutgreiinga som vedkjem sjødelen av tiltaket, krev ikkje godkjenning av kommunane. Kommunane er ansvarleg mynde for tiltak og arealbruk som krev handsaming etter Plan- og bygningslova.

4.2 Prosessen

I 2012 ba Olje- og energidepartementet Gassco om at det vart vurdert og utgreidd eksportløyisingar for oljefelta Edvard Grieg, Draupne og Johan Sverdrup. Plan for anlegg og drift (PAD) etter petroleumslova er godkjent av regjeringa.

Som ein del av Plan for anlegg og drift skal det gjennomførast ei KU. Eit program for KU er utarbeidd i medhald i reglane i Plan- og bygningslova (jf. PBL og Forskrift om konsekvensutredningar, vedlegg 1 pkt. 36).

Statoil varsla sentrale, regionale og kommunale mynde og relevante organisasjonar om høyring av forslag til program for KU for eksportløyisingar frå Edvard Grieg, Draupne og Johan Sverdrup med kunngjering i pressa den 7. mai 2012 og med brev til høyringsinstansar dagsett 2012.04.30. Program for KU vart fastsett i Olje og Energidepartementet 10.12.2012.

Det skal no utarbeidast ein reguleringsplan i medhald av §12-1 i Plan- og bygningslova (PBL). Planen utløyser krav om KU. Arbeidet med reguleringsplan og det pågåande arbeidet med KU blir samordna, slik at det som sluttprodukt vert presentert eit reguleringsframlegg med ei tilhøyrande KU. Den del av KU som vedkjem sjødelen av oljeleidningen, krev ikkje godkjenning av kommunane etter PBL.

Planprosessen omfattar tre hovudfasar, som vist under.

Fase 1: Utsending og handsaming av Planprogram

Fase 2: Utarbeiding av reguleringsplan med ROS.analyse og KU.

Fase 3: Offentleg handsaming av reguleringsplan med KU

Fase 1. Planprogram

Forslag til planprogram vert sendt på høyring, samtidig med varsel om oppstart av planarbeid.

Høyringsfristen er 6 veker. Dersom det kjem inn merknader til planprogrammet, vil kommunane vurdere endringar i planprogrammet i høve til merknadane. Det endelege planprogrammet skal fastsettast av kommunane Austrheim og Lindås.

Fase 2. Planforslag med konsekvensutgreiing

Etter at planprogrammet er fastsett, startar utarbeiding av reguleringsplanen og konsekvensutgreiinga. Arbeidet vil omfatte:

- Konkretisere arealbehov og tiltak. Tiltakshavar vel overordna retningsliner for arealbruk både for anleggsfase og for ferdig anlegg.
- Utarbeide konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Dette omfattar gjennomgang av tilgjengeleg informasjon om området og synfaring i felt.
- Utarbeide plandokument: plankart, føresegner og planomtale med konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga vil bli gjennomført med grunnlag i vedteke planprogram etter føresegnene i Plan- og bygningslova.

Fase 3. Offentleg sakshandsaming av reguleringsplan

Når reguleringsplan med KU er ferdig utarbeidd vert framlegget lagt ut til offentleg ettersyn (jf. §12-10 i plan- og bygningslova) i 6 veker. Lindås og Austrheim kommunar gjer formelt vedtak om å legge planen ut til offentleg høyring og ettersyn.

Etter høyring vil innkomne merknader bli vurdert og om naudsynt innarbeidde i planen før planen vert fremja for 2. gongs handsaming (endeleg vedtak). Dersom det etter 1. gongs handsaming blir gjort vesentlege endringar i reguleringsplanen, skal planen leggest ut på ny høyring før politisk slutthandsaming.

4.3 Informasjon og medverknad

I samband med oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram vert det den 14. august 2014 arrangert eit møte med grunneigarar i området.


I samband med den vidare planprosessen vil det og bli arrangert ulike informasjonsmøte.

Metodar for medverknad:

- Grunneigar møte
- Folkemøte
- Informasjon i lokalaviser
- Bruk av elektroniske media som www.nordhordlandskart.no , www.austrheim.kommune.no , www.lindas.kommune.no , kommunane sine FB-sider , og kommunane sine digitale planregister BraPlan.

4.4 Framdrift

Reguleringsplan med konsekvensutgreiing er forventa lagt ut til offentlig høyring (1. gong handsaming) ved årsskiftet 2014/2015. Det er eit mål at detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing vert endeleg godkjend av kommunestyra sumaren 2015.



4.5 Kontaktinformasjon

Spørsmål omkring planprosjektet kan rettast til:

Multiconsult AS

v/Bent Stensaker

Tlf.: 982 39 876 eller e-post: bent.stensaker@multiconsult.no

eller til:

ABO Plan og arkitektur AS

v/Arne Kristian Kolstad

tlf.: 957 21 101 eller e-post: arne@abo-ark.no

Digital informasjon kan hentast på:

- www.austrheim.kommune.no
- www.lindas.kommune.no
- kommunane sine FB-sider
- kommunane sine digitale planregister BraPlan.

Innspel til planprogrammet skal sendast til:

ABO Plan & Arkitektur AS

Postboks 291

5203 Os

eller

e-post: offentleg.ettersyn@abo-ark.no

5 Forslag til utgreiingsprogram

Konsekvensutgreiinga skal omtale vesentlege verknader av tiltaket for miljø, naturressursar og samfunn, både for anleggsfasen og driftsfasen. Endeleg innhald i konsekvensutgreiinga vert bestemt av Olje- og energidepartementet og kommunane.

Forslag til planprogram (dette dokument) byggjer på Program for konsekvensutgreiingar (Eksportløysingar for olje frå Utsirahøyden) vedteke i Olje og Energidepartementet 10.10.2012.

5.1 Omtale av utbyggingsløysning

Det vert gitt ein oppdatert omtale av dei tekniske løysingane som er valt for utbygging, inkludert:

- Omtale av valt trasé for røyrledning
- Omtale av ilandføringsstader, landkryssingar, sjøkryssingar
- Tidsplan for gjennomføring
- Byggjearbeid på land
- Midlertidige veger, anleggsområder, mellomlagingsområder
- Anleggstekniske forhold
- Klargjering av røyrledningen for drift
- Naudsynte modifikasjonar på mottaksanlegg
- Sikkerheitsmessige forhold
- Driftsorganisasjon
- Avvikling
- Økonomi

5.2 Omtale av dagens situasjon

Konsekvensutgreiinga vil innehalde ein omtale av dagens situasjon i influensområdet.

- Eksisterande behov for transportkapasitet for olje og gass
- Naturressursar og samfunnsmessige forhold i område som vert råka av anlegga i sjø og på land
- Landskap
- Naturmiljø
- Kulturminne
- Friluftsliv
- Fiske og akvakultur
- Landbruk
- Trafikkmessige forhold

For omtale av naturmiljø i sjø, fiske og akvakultur samt skipstrafikk vil ein så langt som råd dra nytte av det utgreiingsarbeidet som alt er gjort i forbindelse med regionale konsekvensutgreiingar, andre feltspesifikke utgreiingar og forvaltningsplanen for Nordsjøen.

5.3 Omtale av miljømessige konsekvensar og avbøtande tiltak

Konsekvensutgreiinga vil innehalde ein utfyllande omtale av miljø- og samfunnsmessige konsekvensar og mogelege avbøtande tiltak.

5.3.1 *Konsekvensar for naturmiljø og sårbare naturførekomstar og biologisk mangfald*

Ved tilbakeføring av landskapet etter at røyrledningen er på plass vil det og bli lagt vekt på å oppretthalde dei biotopar som eventuelt vert øydelagt under anleggsarbeidet. I anleggsperioden vil det bli vurdert kva avbøtande tiltak som kan gjennomførast for å redusere negative konsekvensar knytt til forstyrring av dyreliv.

5.3.2 *Konsekvensar for kulturminne*

Det vil bli gjort ei kartlegging av kulturminner langs traseen. Sjølv etter at kartlegging er utført vil det kunne gjerast funn av kulturminner i forbindelse med gravearbeida. Røyrleidningstraseen vil bli valt slik at det i minst mogleg grad oppstår konflikt i forhold til kulturminner. Der konflikta ikkje let seg løyse ved justering av traseen vil areala eventuelt bli søkt frigjeve i hht. Kulturminneloven § 8.

5.3.3 *Konsekvensar for friluftsliv*

Det er registrert fleire område av verdi for friluftsliv langs traseen. Verdien er dels kategorisert som lokal, dels regional. Nokre av områda er sikra og bandlagd. Friluftslivsinteresser vil kunne bli negativt påverka i anleggsperioden. Sprengingsaktivitet, anleggstrafikk og støy, opne grøfter, midlertidige vegar osb. kan bidra til å redusere naturopplevinga. Gjennom tilbakeføring av landskap og vegetasjon vil ein unngå at friluftslivsinteressene vert skadelidande i driftsperioden. **Nokre av anleggsvegane vil verte vurdert som permanente turvegar når anleggsperioden er ferdig.**

5.3.4 *Landskapsmessige konsekvensar*

I anleggsperioden vil det etablerast ein førebels veg langs røyrtraseen, og det vil verte eit **landskapsinngrep i ei bredde på om lag 30 m. Ved landfall i Bergsvikhamn vil det verte landsjapsinngrep i strandsona. Når røyrleidningen er installert, vil dei førebels etablerte vegane verte fjerna, og strandsona, landskap og vegetasjon i størst mogleg utstrekning førast attende til sin opphavlege tilstand. I skogsområde vert det naudsynt å oppretthalde ein open trasé over røyrleidningen, med bredde om lag 10 m. Traseen vil ryddast kvart 5-10 år, etter behov.**

5.3.5 *Utslepp til luft*

Utslepp til luft vil oppstå frå bruk av anleggsmaskiner og tunneldrift. Førebels spreiring av støv kan oppstå i periodar med tørt vær i kombinasjon med anleggstrafikk på grusvegar.

I driftsfasen vil utslepp til luft vera knytt til eventuell drift av pumper for å transportere olje gjennom røyrleidningen. Desse utsleppa vil verte omtala i Konsekvensutgreinga for feltutbygginga på Utsirahøyden.

5.3.6 *Utslepp til sjø*

Tema gjeld spesielt ved landtak i Bergsvikhamn. Anleggsarbeider i strandsona representerer fare for avrenning til og ureining av sjø.

5.3.7 *Utslepp til vatn (over land)*

Det vil ikkje verte nokre planlagde utslepp til vatn. I anleggsperioden vil det verte lagt vekt på å unngå lekkasje og søl av drivstoff og smøreoljer gjennom forsvarleg lagring og handtering. Gravearbeid og opne grøfter representerer fare for avrenning av fine gruspartiklar/leire til vassdrag, med påfølgjande slamming av elvar og vatn. Dette vil ein prøve å unngå gjennom planlegging av gravearbeida og etablering av midlertidige avskjerande dreneringssystem.

5.3.8 Uhellutslepp på land

Som utslepp på land reknas utslepp der røyrleidningen ligg i grøft, i tunell eller evt. dykka i ferskvann. Slike utslepp kan oppstå i forbindelse med brot på røyr eller andre lekkasjar. Basert på erfaringsmateriale er sannsynet for dette er særst låg.

Skulle ein lekkasje likevel oppstå og vare ei tid, vil det kunne medføre forureining av viktige naturførekomst, område som er viktige for landbruk, eller vassførekomst som er viktige for menneskeleg bruk. Det vil verte gjennomført risikoanalyse som grunnlag for å vurdere behovet for tiltak som kan oppdage lekkasjar og røyrbrot og som kan avgrense eventuelle skadeverknader av eventuelle uhellutslepp på land. Dette vil og bli tatt omsyn til ved val av trasé.

5.3.9 Omtale av støykjelder

Støy vil vere avgrensa til anleggsperioden. Dei viktigaste støykjeldene er sprengings-, grave- og byggearbeidar, med tilhøyrande bruk av maskiner. Det vil bli gjennomført støyberekningar for å avdekke kva områder (bustader, friluftsområder og eventuelt sårbare naturførekomst) som vil bli utsatt for støy over akseptabelt nivå. Ein del av bustadene som vert ramma av støy over grenseverde kan skjermast mens arbeida held på. På stader der støygrensene vert overstigne, kan løysninga vere at dei mest støyande aktivitetane vert forsøkt lokalisert til områder med god avstand frå bustader.

5.3.10 Handsaming av overskottsmassar

Det vil bli eit relativt stort masseoverskott som følgje av tiltaket. Det er eit mål i prosjektet å bruke desse overskottsmassane lokalt. Massehandtering innanfor planområdet skal omtalast og ulike deponiløysingar vil bli vurdert. Slike vurderingar vil bli gjort i samarbeid med Austrheim og Lindås kommune.

5.3.11 Avfall

Omtale av kjelder som genererer avfall og planar for handsaming av ulike typar avfall

5.3.12 Barn og unges interesser

I anleggsperioden vil ein så langt rå er unngå å nytte det eksisterande vegnettet til anleggstrafikk. Der kor det eksisterande vegnettet vert råka av anleggstrafikk vil ein syte for å etablere alternative og sikre gangtrasear forbi anlegg. Anleggsområda vil blir sikra med gjerder i heile anleggsperioden.

5.3.13 Trafikkmessige forhold

I anleggsperioden vil ein så langt rå er unngå å nytte det eksisterande vegnettet til anleggstrafikk. Gjennom planarbeid skal det utredast konkrete løysingar for dei stadane anlegget kryssar offentleg veg. Tilhøva til mjuke trafikkantar skal og utredast (sjå og pkt 5.3.12 over).

5.4 Næringsmessige og samfunnmessige konsekvensar

Legging av røyrleidning vil gje ringverknader i form av leveransar, i tillegg til direkte og indirekte sysselsettings verknader både nasjonalt og regionalt. Verknadene vil hovudsakleg vere knytt til anleggsfasen. Utbygging og drift vil også medføre auka skatteinntekter for den norske stat og for regionen og utbyte på statlige eigarandelar.

Anleggs- og installasjonsarbeider vil i kortare periodar vere til hinder for fiskefarty, annan skipstrafikk, samt vegtrafikk og annan ferdsel på land. I driftsfasen vil røyrleidningen kunne leggje nokre restriksjonar på annan arealbruk. På den annan side vil etablering av røyrleidningen generere sysselsetting og leveranse mogelegheiter for varer og tenester i produksjons- og anleggsfasen, samt eigedomsskatt til dei råka kommunane i driftsfasen.

Konsekvensutgreiinga vil innehalde ein utfyllande omtale av samfunnsmessige konsekvensar og mogelege avbøtande tiltak.

5.4.1 Konsekvensar for landbruket

I installasjonsfasen vil eit belte langs røyrtraseen vert utilgjengeleg for landbruksdrift. Anleggsverksemda vil og kunne innebere generelle ulemper for landbruket som følgje av ferdselshindringar etc. I driftsperioden, etter at landskapet er ført tilbake til mest mogeleg opphavleg tilstand, vil det vere ei sikringssone langs røyrleidningen, og vanleg landbruk vil kunne drivast, med visse unntak. Skogplanting i sjølvve røyrleidningstraseen vil ikkje bli tillate, og det vil bli restriksjonar på bygge- og gravearbeider over røyrleidningen og i nærleiken av anlegget.

5.4.2 Konsekvensar for fiskerier og akvakultur

Tema gjeld spesielt ved landtak i Bergsvikhamn. Anleggsarbeider i strandsona og legging av røyrleidning ved Bergsvikhamn kan få konsekvensar for trafikk i installasjonsfasen, samstundes som det kan få konsekvensar knytt til arealbeslag i driftsfasen.

5.4.3 Konsekvensar i forhold til annan arealbruk og infrastruktur på land

Om lag halvparten av traseen over land er planlagt i tunell og på denne strekninga vil konsekvensane i anleggsfasen og i driftsfasen vere små. For den delen av traseen som går i grøft vil tiltaket kunne vere i strid med dagens bruk. Det er og i strid med gjeldane planar for området (kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplanar). Det er difor aktuelt å omdisponere delar av områda til trase for røyrleidning og til mellombels rigg- og deponiområde. Konsekvensar av slike endringar vil bli vurdert og skildra i høve til natur- og jordressursar, grønstruktur og tilgang til naturområde/friluftsområde.

Vedtak som rører ved naturmangfaldet skal alltid grunnjevast. Det skal derfor i alle reguleringsplaner takast stilling til om areala som blir påverka kan karakteriserast som «naturmangfald». Naturmangfald er i §3 bokstav i i lova definert slik:

«biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald, som ikkje i det alt vesentlege er eit resultat av menneskjers påverknad.»

I §7 i Naturmangfaldslova heiter det:

«Prinsippene i §§8 – 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltingsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.»

Temaet vil omfatte undersøking av biologisk mangfald og naturtypar i planområdet. Eventuelle førekomstar av raudlista artar skal registrerast. Biologisk mangfald langs bekkefar og eventuell sikring av dette skal også vurderast. Biologisk mangfald vil verte vurdert etter lov om biologisk mangfald (sjå og kap. 5.3).

Tema som vil bli omtalt er:

- konsekvensar for bustadområder
- sikringssoner
- eventuelle konflikhtar i forhold til kommune- og reguleringsplaner
- behovet for nye reguleringsplaner/ending av eksisterande
- konsekvensar i forhold til vegtrafikk og annan ferdsel

5.4.4 Andre samfunnsmessige verknader

Tema som vil bli omtalt er:

- vare- og leveransar av teneste
- sysselsettings verknader nasjonalt og regionalt
- eigedomsskatt til kommunane
- industrielle ringverknader
- Etablering av vassledning gjennom oljerøyr-tunnellen og ein vurdering av tiltak som sikrar vassforsyninga i området før anleggsdrift tek til.

5.5 ROS analyse

Som ein del av reguleringsplanen skal det utarbeidast ei risiko og sårbarheits analyse.

Relevante tema knytt til risiko og sårbarheit vil bli omtalt. Lindås og Austrheim kommune sine akseptkriteria og metode for ROS analysar vil bli nytta.

5.6 Oppfølging

Det vil verte utarbeidd ein samla, oppsummerande oversikt over kva avbøtande tiltak prosjektet planlegg å gjennomføre, og korleis desse vil verte fylgt opp. Det vil bli gjerast ei vurdering av trongen for miljø overvaking, og eventuelt peika på kva tema som er aktuelle for ei slik overvaking.

6 Referansar

- Konsekvensutredning for Vestprosess. November 1997
- Gassrørledning Kollsnes iV Mongstad. Konesjonssøknad med konsekvensutredning. Juni 2005.
- Regional konsekvensutredning for Nordsjøen. Desember 2006
Forvaltningsplan for Nordsjøen. Under utarbeidelse
- Eksportløsninger for olje fra Utsirahøyden. Forslag til program for konsekvensutredning. Mai 2012